

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anita Bjørk Ruud
Arkivsaksnr.: 19/3755

Arkiv: 033 &15

Val av meddommarar til lagmannsretten, tingretten, jordskifteretten, skjønsmedlemer, 2021 – 2024. Handsaming av fritak.

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i domstollova §§ 68 og 74 vedtek formannskapet at Tordis Skjerdal Rauboti og Edith Flugheim vert fritekne frå meddommarverv i perioden 2021-2024.

Formannskapet tilrår at kommunestyret, med heimel i domstollova § 68 2.ledd vel følgjande personar for valperioden 2021-2024:

Meddommarar i lagmannsretten:

3 kvinner:

Björg Stegegjerdet, Gaupne
Turid Øiene, Skjolden
Marianne Hauglum, Luster

3 menn:

Claus Rumohr Moe, Hafslo
Ole Martin Bakken, Skjolden
Torbjørn Tuften, Gaupne

Meddommarar i tingretten:

6 kvinner:

Jorunn Ødegård, Gaupne
Oddrun Karin Fossen, Gaupne
Susanne Heen Veum, Gaupne
Eli Hansen Moen, Skjolden
Judith Gausdal, Hafslo
Sissel Olstad Morken, Marifjøra

6 menn

Asbjørn Røneid, Gaupne
Trygve Lerum, Sørheim
Geir Arne Kvam, Hafslo
Frode Olav Haara, Hafslo
Thorleif Hurthi, Marifjøra
Svein Arve Ruud, Solvorn

Meddommarar i Jordskifteretten:

4 kvinner:

Eva Røneid, Gaupne
Brita Torlaug Leirdal, Luster
Bente Helene Skildheim Nes, Veitastrond
Anja Iren Hilleren, Veitastrond

4 menn:

Jermund Hagen, Solvorn
Harald Hess, Hafslo
Johannes Hauge, Skjolden
Jarle Ruud, Jostedal

Skjønnsmedlemer.

Kommunestyret føresler, fylket i Vestland vel:

5 kvinner

Olaug Høyheim, Høyheimsvik
Torunn Gauteplass Hønsi, Gaupne
Ann Kristin Sperle, Høyheimsvik
Hanne Teigen, Gaupne
Bergljot Buskaker, Hafslo

5 menn

Odd Atle Stegegjerdet, Gaupne
Dagfinn Kjos, Marifjøra
Ole Martin Bakken, Skjolden
Per Ivar Lomheim, Hafslo
Tom Idar Kvam, Hafslo»

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: **Saksprotokoll og saksframlegg frå førebuande valmøte.**
[Domstollova](#)

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Kvart fjerde år gjennomfører kommunen/fylkeskommunen val til domstolen etter reglane i domstollova og etter informasjon frå domstoladministrasjonen kor mange som skal veljast. Formannskapet har hatt førebuande valmøte, føreslege kandidatar som er tilskrivne, listene har vore offentleg kunngjorde og har vore til vandelskontroll.

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Fakta:

Kommunen skal etter domstollova § 68 velje meddommarar i lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten. Vidare skal kommunen føreslå skjønnsmedlemer som fylkestinget vel. Valet skal gjerast før 1. juli 2020 og ny valperiode gjeld for 2021 – 2024. Før valarbeidet starta, oppmoda kommunen om at personar kunne melde seg interesserte i verv, eller føreslå kandidatar.

Den som vert vald, må ha tilstrekkelige norskkunnskapar, og vere personleg egna til oppgåva.

I tillegg må vedkommande:

1. vere over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start,
2. ikkje vere frådømt stemmeretten
3. ikkje vere under offentlig gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som busett i kommunen på valdagen, og
5. være statsborger i Noreg eller eit anna nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som busett i riket de tre siste år før valdagen.

Meddommarar til lagmannsretten og tingretten

Dei har same ansvar og mynde som domstolen sin fagdommar i den enkelte sak. Det er ikkje noko krav til lekdommaren sin faglege bakgrunn. Dette fordi einkvar person skal "dømmast av sine likemenn".

Jordskiftemeddommarar

I dei fleste saker for jordskifteretten er det synfaring i marka. Dette stiller krav til at jordskiftemeddommarane har normalt god helse. Jordskifterett behandlar ein god del saker som krev innsikt i landbrukstilhøve og i byggje- og anleggsverksemd. For å tilfredstille kravet i jordskiftelova § 2-5 om at medlemene skal vere kunnige i saker som jordskifteretten til vanleg har, er det ynskjeleg at jordskiftemeddommarutvalet har medlemer med slik innsikt.

Skjønnsmedlemmar

Når det gjeld kvalifikasjonar til skjønnsmedlemmane, seier Justisdepartementet i brev til kommunane datert 13.12.2019 at domstolane har gitt uttrykk for at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med «alminneleg kompetanse». Dei fleste domstolane har derimot gitt uttrykk for at dei har behov for skjønnsmedlemmer med kompetanse innan ulike sider av verdifastsetting, og bruk og drift av fast eigedom. Mange domstolar nemner og at det er behov for skjønnsmedlemmer med særleg kompetanse innan plan- og reguleringsprosessar, og kunnskap innan bygg- og anleggsverksemd. Fleire domstolar ønskjer og at

skjønnsmedlemmene har særleg kompetanse innan økonomi, revisjon og rekneskap. Det er òg sett fram eit ynskje om at skjønnsmedlemmene har digital kompetanse.

Formannskapet føreslo i førebauende valmøte den 22.4.20 kven som skulle veljast til dei ulike verva. Ordføraren fekk fullmakt til å føreslå kandidatar om nokon søkte seg fritekne.

Alle kandidatar har vorte tilskrivne, og framlegget har vore utlagt til offentleg kunngjering. Det er ikkje kome merknader på framlegget.

2 personar har søkt fritak fordi dei har vore med i fleire periodar tidlegare, jf. domstollova § 74.

- Tordis Skjerdal Rauboti, Solvorn (lagmannsretten). Turid Øiene er førespurd og har sagt ja til vervet. Ho har også vore meddommar tidlegare, då Luster hadde fleire meddommarar.
- Edith Flugheim, Veitastrond (jordskifteretten). Bente Helene Skildheim Nes er førespurd og har takka ja.

Framlegget har også vore sendt til vandelskontroll hjå politiet, utan merknad.

Formannskapet avgjer fritakssøknader og tilrår til kommunestyret kven som vert valde. Etter valet vert saka om val av skjønnsmedlemer sendt fylkeskommunen for endeleg val. Dei øvrige vala vert rapporteret til domstoladministrasjonen med personinformasjon om dei valde.

Dato: 3.6.20.

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast: Vestland fylkeskommune, Domstoladministrasjonen, dei valde/føreslegne.

m/kopi til: